

Velkommen som utstillar på Jul i Rosendal 2022.

Marknaden er open laurdag 26.november 2022. Kl 10.00 – 16.00

- Marknadsområdet er i underetasjen på Eurosparbutikken i Skålagato.
- Du kan køyre bil inn i garasjen når du skal setje frå deg utstyr.
- Innkøyring med bil gjeld fredag kveld kl:17-20 og laurdag morgon fram til kl 09.00. Siste timen før opning vil me ikkje ha bilar i garasjen.
- Køyr inn frå nedsida ved ladestasjonen for elbilar og ut av døra som er mot Folgefonnsenteret.
- Bodene vil stå klare fredag 25. nov. kl 17.00. Då kan dei som ynskjer det gjera klar/pynta.
- Om du har tinga bord og eller stol er det på plass då.
- NB! Området stengjer kl 20.00. fredag kveld.
- Laurdag opnar området for utstillararar kl 08.00.

Som utstillar

- Er du ansvarleg for å føre deg i følgje norske lover mellom anna i høve økonomi og hygienekrav.
- Syter du for at boden din framstår som fin heile opningstida kl 10-16. Ingen ryddar eller avsluttar boden sin før marknaden stengjer.
- Tek du med deg skøyteledning og det du treng for presentasjon av produkta; hylle, stativ, ev. bord, stol, belysning.

Om boden:

- Bakvegg i boden er oftast mur.
- Vi har fordelt boder etter viktige omsyn. Du finn namnet ditt på plakaten i den boden du skal ha. Vi er til stades for å hjelpe til så spør om du lurar.
- Sideveggene i boden er av stål.
- Det vil vera ei lekte av tre i framkant av boden. Denne er pynta med grønt og ljoslente når du kjem.
- Det er ei tre-lekte i bakkant av boden som du kan feste lette ting i.
- Bodene er omlag 2 meter brei x 2,20 meter djup inni mellom veggene.

- Du kan nytte inntil 1 meter rett framfor boden din slik at golvplassen til saman vert vel 6 kvm.
- Veggene er 2 meter høge.
- Det er ingen møblering i boden. (men du kan tinge bord/stol, kr 50,- pr del)
- Det er ein stikkontakt i kvar bod og enkel tak-belysning i lokalet.
- NB! Det er ikkje høve til å nytte levande ljøs på marknadsområdet

Hugs

Gode sko og varme sokkar og klede. Mat og drikke kan du kjøpe på området eller ta med niste.

Elles

- Det vert musikk på området i periodar. Anten nokon som spelar eller frå speleliste. Vi har og periodar då det er stille.
- Følg Jul i Rosendal på www.julirosendal.no og facebook for nyhende i høve marknaden. Vi er og på Instagram.
- Spørsmål? Mail til post@julirosendal.no eller ring Annbjørg Fossberg 990 42 351 (gjerne etter arbeidstid)

Helsing styret.